

# **Retningslinjer for bruk av fylkeskvoten i Vestland fylke**

Hovudutval for kultur, idrett og integrering (KULII) vedtok i sak 130/2020 *Vidareutvikling av musikkarordningane i Vestland* at fylkeskvoten i distriktsmusikarordninga skal gjerast tilgjengeleg i heile fylket. Fylgjande retningslinjer er utarbeidd for bruk av fylkeskvoten.

## **1 Innleiing**

Kommunane Gloppen, Lærdal, Sogndal og Sunnfjord er vertskommunar og arbeidsgjevarar for totalt 20 distriktsmusikarstillingar, tilknytta kulturskulane i dei nemnde kommunane. Stillingane består av ein del pedagogisk verksemd i kulturskulen og ein utøvardel. Vertskommunane har avtale med fylkeskommunen om refusjon av lønsutgifter for halvparten av utøvardelen i stillingane.

## **2 Kva fylkeskvoten er**

Fylkeskvoten er ein musikarressurs som vertskommunane stiller til disposisjon som ei gjenyting for fylkeskommunen sin refusjon, slik at konsertarrangørar, lag og organisasjonar kan nytte distriktsmusikarar til gjennomføring av regionale musikkprosjekt. Ordninga skal kunne nyttast slik at bruken av distriktsmusikarar og frilansmusikarar utfyller kvarandre.

## **3 Føremål**

Fylkeskvoteordninga skal stimulere til at Vestland fylke har eit sterkt og levande profesjonelt musikkliv. Ordninga skal medverke til å sikre innbyggjarane i heile fylket tilgang til eit mangfaldig musikktilbod med høg kvalitet, og medverke til gjennomføring av regionale prosjekt, td. gjennom samarbeid mellom profesjonelle og amatørar.

## **4 Vilkår**

Tildeling av fylkeskvoten vert gjort til konsertar, oppsetjingar, prosjekt og musikktiltak av regional verdi, heretter kalla «prosjekt(et)». Omgrepet regional verdi vil seie at to vilkår må stettast:

- Prosjektet må omfatte fleire kommunar og/eller verte gjennomført i minst to kommunar i fylket. Dette kan likevel fråvikast dersom prosjektet er for omfattande til å kunne flyttast.
- Prosjektet må ha ein regional funksjon når det gjeld omfang og ha høgt fagleg nivå og kvalitet. Fylkeskvoten inngår soleis i distriktsmusikarane si faglege utvikling som profesjonelle utøvarar.

Ved tildelt fylkesvote forpliktar arrangøren seg til å fylge planen for prosjektet og å synleggjere fylkeskommunen i marknadsføring og program. Ved avvik og endringar skal fylkeskommunen og vertskommunane informerast.

## **5 Omfang**

Fylkeskvoten er på 10 dagar pr. semester pr. distriktsmusikar, med maksimalt 5 timer disponibel tid pr. dag for td. prøve(r) og konsert(ar). Bruk av fylkesvote under 5 timer vert likevel rekna som 1 dag. Reisetida skal som hovudregel ikkje overstige 4 timer pr. dag. I planlegginga av eit prosjekt må det takast omsyn til dette, slik at musikarane ikkje vert belasta utover det som er rimeleg.

## **6 Kven kan søkje?**

Lokale arrangørar, lag, institusjonar og organisasjonar kan søkje om å få nytte fylkeskvoten til regionale prosjekt innan ulike sjangrar, td. når det gjeld opera, klassisk/symfonisk musikk, scenekunst, kyrkjemusikk, folkemusikk eller andre sjangrar som er relevante for distriktsmusikarane sine arbeidsfelt.

## **7 Kva fylkeskommunen dekkjer**

Fylkeskvoten er ei ordning der fylkeskommunen dekkjer honoraret for distriktsmusikarane som medverkar i prosjektet for dei tildelte dagane.

## **8 Kva arrangøren dekkjer**

Utgifter til reise, diett og opphold vert dekte av arrangøren, anten direkte (td. overnatting og mat) eller etter faktura frå vertskommunen. Dersom det vert lagt til rette for matservering, kan kravet om diettkostnader fråvikast. Det kan også avtalast at musikarane kjøper mat sjølve. Arrangøren vil då få refusjonskrav i etterkant etter gjeldande diettsats i samsvar med reiserekning.

## **9 Søknad**

Skriftleg søknad vert sendt pr. e-post til fylkeskommunen med prosjektskildring og budsjett, tal dagar det vert søkt om og kven av distriktsmusikarane ein søker om å nytte. Det må gå fram av søknaden at dei aktuelle distriktsmusikarane er førespurde om delta. Sidan fylkeskommunen ikkje har arbeidsgjevaransvaret for distriktsmusikarane, kan ikkje musikarane påleggast å medverke dersom dette ikkje høver. Det er difor ein føremon at den som søker om fylkeskvote kontaktar distriktsmusikarane på førehand.

## **10 Søknadsfrist**

Ordninga med fylkeskvoten har to årlege søknadsfristar. 1. oktober for bruk av fylkeskvoten påfølgjande vårsemester og 1. april for påfølgjande haustsemester.

## **11 Tildeling**

Fylkeskommunen og vertskommunane for distriktsmusikarordninga handsamar søknadene og tildeler fylkeskvoten to gongar pr. år. Det vil gå fram av vedtaket kor mange dagar av søkt fylkeskvote som vert tildelt. Fylkeskommunen sender skriftleg svar på søknaden.

## **12 Fakturering**

Vertskommunane sender faktura for reise, ev. diett og opphold i etterkant av prosjektet. Ev. dagar i tillegg som arrangør ikkje har fått tildelt fylkeskvote på, vert fakturert for eit nærmere fastsett beløp pr. dag (sjå fylkeskommunen sine nettsider for nærmere informasjon).

## **13 Avvik/sjukdom**

Dersom ein distriktsmusikar som deltek i prosjektet ikkje kan stille, td. grunna sjukdom, og det ikkje er mogleg å setje inn ein ny distriktsmusikar, må arrangøren sjølv ta kostnaden med ev. vikar. Fylkeskommunen og/eller vertskommunane pliktar ikkje å setje inn vikar, men kan ev. hjelpe til med å finne ny(e) musikar(ar).

## **14 Rapportering**

Etter avslutta prosjekt sender arrangøren ein kortfatta rapport til fylkeskommunen.

Kontakt fylkeskommunen v/ seniorrådgjevar Øyvind Lyslo (mob. 90 11 34 33 / e-post [oyvind.lyslo@vlfk.no](mailto:oyvind.lyslo@vlfk.no) for nærmere opplysningar.